



Navar Takst & Eiendom AS  
Grønnland 1  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/2108 - 17/24457

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
31.08.2017

## Førerels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 188/512 Gjervik ytre


Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad om legalisering av terasse og melding om oppføring av levegg.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Eigedommen ligg i regulert område og er omfatta av reguleringsplan for Felt E Såta. Reguleringsplanen har eiga byggegrense på eigedommen som overstyrer reglar om avstand til nabogrense etter pbl.  
Byggegrense i plan går fram av utsnitt og denne viser at terassen er plassert utanfor byggegrensa.



Med bakgrunn i dette må det søkast om dispensasjon frå byggegrense i reguleringsplan for oppføring av terasse som skissert.

- Det må sendast inn utfylt skjema for søknad om tiltak utan ansvarsrett.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.09.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Kommunen stadfester med dette å ha motteke melding om oppføring av ikkje søknadspliktig levegg.

Kommunen legg til grunn at tiltaket i sin heilskap er oppført i samsvar med regelverk for fritak;

#### **Levegg**

Hvis leveggen ligger minimum 1,0 m fra grensen til naboen, trenger du ikke søke om å sette den opp hvis den

- er inntil 10,0 m lang
- ikke på noe sted er over 1,8 m

Hvis leveggen ligger nærmere nabogrensen enn 1,0 meter eller i selve grensen, slipper du å søke hvis veggan

- er inntil 5,0 m lang
- ikke på noe sted er over 1,8 m

Leveggen kan være frittstående eller forbundet med en bygning. Skal du sette opp flere levegger i kombinasjon, må du søke om tillatelse.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

#### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Morten Andreassen

#### **Mottakarar:**

Navar Takst & Eiendom AS

Grønnland 1

5918

FREKHAUG